

DESSE RETNINGSLINJENE ER UTGÅTTE OG GJELD IKKJE LENGER

For gjeldande tilskotsordningar, sjå Vestland fylkeskommune si nettside for aktive ordningar:
<https://www.vestlandfylke.no/tilskot/>

Innretting og kriteria for Vestland fylkeskommune si tilskotsordning «Museumsløft».

Føremål.

Tilskotsordninga har som mål å styrke og vidareutvikle dei konsoliderte musea i samsvar med gjeldande satsingar i regional plan for kultur og tilhøyrande handlingsprogram.

Kva kan støttast?

- A. Tiltak som bidreg til styrking av fellesløysingar for musea i Vestland.
- B. Vøling av kulturhistoriske bygg forvalta av musea i Vestland.
- C. Tiltak som legg til rette for musea som arena og møteplass for samfunnsdebatt. Tiltak som kan gje merksemd og debatt kring natur- og klimakrisa skal prioriterast.
- D. Tiltak for å avvike eller reorganisere eigarstiftingar til museumsvenelag og samle drifts- og eigeomsansvar hos musea. Juridisk bistand og prosess- og utgreiingsarbeid skal prioriterast.
- E. Tiltak som stimulerer museumsvenelaga eller andre frivillige organisasjonar til positiv, frivillig aktivitet knytt til dei konsoliderte musea. Prioriterte aktivitetar:
 - Samskaping mellom museumslag og musea
 - Musea som arena for deltaking, mangfald og inkludering
 - Vedlikehald og skjøtsel av kulturmiljø
 - Immateriell kulturarv, tradisjonshandverk og tradisjonsuttrykk

Kven kan søkje?

Dei ti konsoliderte museumseiningane Baroniet Rosendal, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, KODE, Musea i Sogn og Fjordane, Museumssenteret i Hordaland, Museum Vest, Kraftmuseet, Hauge-senteret og Sunnhordland museum.

Søknadsfrist

Søknadsfrist for tilskot er 1. september.

Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak

- Dei ti konsoliderte musea kan sende fleire søknadar til tiltak A, i samarbeid med eit eller fleire av dei andre musea. Musea kan også sende inn ein søknad kvar i kategori B, C eller D. I tillegg kan musea sende ein søknad kvar på tiltak inntil kr 20 000 i kategori E.
- Det er utarbeidd eige elektronisk søknadsskjema som skal nyttast ved søknad til Vestland fylkeskommune. Søkar må gje kontaktinformasjon som namn, adresse, telefonnummer og organisasjonsnummer.
- Søknaden må innehalde prosjektomtale med ei tydeleg skildring av tiltaket og bakgrunnen for søknaden. Det må leggest vekt på musea si rolle som samfunnsaktør, og på dei definerte fokusområda frå «Meld. St. 23, Musea i

samfunnet -Tillit, ting og tid»; solid kunnskapsproduksjon, relevant formidling, heilskapleg samlingsutvikling, trygg ivaretaking og aktiv samhandling. Det skal opplystast om gjennomføringsperiode, og budsjett skal leggst ved.

- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale og anna, skal det gjerast tydeleg at Vestland fylkeskommune er tilskotsgjevar. Dokumentasjon av dette skal leggst ved rapporten.
- Forvaltningslova skal leggst til grunn for all søknadshandsaming i Vestland fylkeskommune. Alle søknadar er offentlege.
- Avdeling for kultur og folkehelse førebur søknadane for politisk handsaming og vedtak i utval for kultur, idrett og inkludering. Kvar søknad er einskildvedtak og innstilling skal grunnjevast i saksframlegget. Vedtak som avviker frå fylkeskommunedirektøren si innstilling skal også grunnjevast.

Ytterlegare moment ved vurdering av søknad

- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
- Kvalitet på tiltaket
- I kva grad ei tildeling vil løyse særskilde utfordringar

Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført, og seinast innan 1. desember året etter at tildelingsbrev er motteke.
- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden- Det må søkast særskilt om utsetjing av rapporteringsfristen. Dersom det er vesentlege endingar i prosjektet, må dette meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller delar av tilskotet krevjast tilbakebetalt.
- Det er mogleg å søkje om delutbetaling (inntil 50%) av tilskotet ved oppstart eller undervegs i arbeidet.
- Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format. Mottakar har sjølv ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Dersom det er utbetalt for mykje, skal dette betalast attende snarast.
- Rapporten skal gje ei kort skildring av:
 - Når og korleis tiltaket vart gjennomført
 - Om villkår/føresetnader for tiltaket er gjennomført. Dersom det er avvik frå søknadsgrunnlaget i høve plan og/eller budsjett, skal desse grunnjevast.
 - I kva grad målsetjinga med tiltaket er oppnådd.
- Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen, vil det vere eit brot på villkåra for tildelinga.

- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar dei finn påkravd for sin kontroll.
- Dei som får tilskot til publikasjonar skal levere minimum 1 eksemplar av denne til Vestland fylkeskommune.

Klage

- Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på 3 veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar tok imot melding om vedtaket.
- Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klagen må sendast til Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen eller til post@vlfk.no, merka «Museumsløft, klage».
- Vi gjer merksame på at søkjarar etter Forvaltingslova har rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §18 og 19.